



MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Onsdag 01.07.20 klokka 18.00 - 22.00

Stad: Grendahuset

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Anne Marie G. Rabba, Andre Botnen

Andre til stades på møte:

Saker til styremøtet

Sak 47/20: Diverse om styrevervkompensasjon

Sak 48/20: Diverse fullmakter til leiar

Sak 49/20: Redusert tilgong p.g.a. kolonne gjennom Dyrskar

Sak 50/20: Justering av prisar

Sak 51/20: Tildeling av reinsløyver

Sak 47/20: Diverse om styrevervkompensasjon

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- Jakkene frå Fjellstyresambandet kom i løpet av forsommaren. Jakkene kostar omlag 1000 kroner per stykk, og det var fire stykker som bestilte desse. Tor Helge føreslår at fjellstyret betaler desse jakkene, men at dei aktuelle fjellstyremedlemene «mister» kompensasjonen for fyrste møtet.
- Fjellstyret har budsjettert med telefonutgifter for 3500 kroner i 2020 i det vedtatte budsjettet. Tidlegare har 3000 kroner av dette beløpet vore ein del av kompensasjonen til leiar. Fjellstyret må ta stilling til om det er tenkt slik dei neste fire åra også.
- Fjellstyret har hatt to lange telefonmøter pga koronarestriksjonar. Tor Helge føreslår at desse vert rekna som vanlege møter med tanke på kompensasjonen. Dette fordi kvart møte tok 4 timer. Med eit telefonmøte meinar ein eit kort møte på opptil 60 minutter.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat

- Jakker frå Fjellstyresambandet
 - o Det vart diskutert om fjellstyret skulle dekke utgiftene til dette. Det vart einigkeit om at det i slike tilfeller må gjerast vedtak på førehand. Nye fjellstyremedlemmer (inkludert varamedlemer) som var på introduksjonsmøtet i Ulvik får likevel dekka denne kostnaden av fjellstyret, då dette er jakker som kan brukast i «embetets medfør».
- Telefonkompensasjon
 - o Kompensasjonsordninga for telefon har vore ein del av godtgjersla til formann og kasserar i alle år. Sidan 2005 har fordelinga vore 3000 kroner til leiar og 500 kroner til kasserar. Leiar erklærte seg inhabil i diskusjonen rundt sin kompensasjon, medan kasserar gjorde det same rundt sin.
- Telefonmøter i koronatida
 - o Desse møtene må seiast å ha vore meir utfordrande å gjennomføre enn vanlege møter. Tidsmessig så var dei også langdryge.

Vedtak

- Jakker frå Fjellstyresambandet
 - o Nye fjellstyremedlemmer (inkludert varamedlemer) som var på introduksjonsmøtet i Ulvik får dekka denne kostnaden til jakka av fjellstyret.
- Telefonkompensasjon
 - o Leiar får 3000 kroner i kompensasjon for telefonutgifter, medan kasserar får 500 kroner i kompensasjon til telefonutgifter.
- Telefonmøter i koronatida
 - o Dei to aktuelle fjellstyremøtene vert rekna som ordinære fjellstyremøter.

Sak 48/20: Diverse fullmakter til leiar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Tidlegare praksis i fjellstyret har vore at leiar vert gjeve fullmakt til innkjøp opptil 1000 kroner. Innkjøp større enn dette, må godkjennast av heile styret.

Leiar vert gjeve fullmakt til å gje gåver/premiar til diverse føremål. Tor Helge meinar at fjellstyret ikkje lenger kan bruke penger på å kjøpe inn gåver. Aktuelle gåver må difor vera av den typen som ikkje påfører fjellstyret noko økonomisk belastning, men heller til dømes fiskekort og jaktkort. Verdien på desse premiane kan tilsvara verdiar inntil 2000 kroner (for innanbygds). Pengegåver, eller sponsing må godkjennast av fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Leiar får fullmakt til innkjøp opptil 2500 kroner. Styret skal informerast om alle innkjøp ved førstkomande styremøte. Innkjøp større enn dette, må godkjennast av styret.



Leiar vert gjeve fullmakt til å gje gåver/premiar til diverse føremål. Gåvene skal vera anten jakt- eller fiskekort. Verdien på desse premiane kan tilsvara verdiar inntil 2000 kroner (for innanbygds).

Pengegåver, eller sponsing, må godkjennast av fjellstyret.

Referat

Einigkeit om at leiar kan handle inn småsaker utan å måtte be fjellstyret om godkjenning på førehand. Stor einigkeit om at framtidige gåver/premiar skal vera til dømes fiskekort eller løyve til småviltjakt.

Vedtak

Leiar får fullmakt til enkeltinnkjøp inntil 2500 kroner. Han informerer styret om eventuelle innkjøp på neste fjellstyremøte.

Leiar vert gjeve fullmakt til å tildele gåver/premiar til diverse føremål. Gåvene skal vera anten jakt eller fiskekort til ein verdi inntil 2000 kroner for utanbygds.

Pengegåver, eller sponsing, må godkjennast av fjellstyret.

Sak 49/20: Redusert tilgong p.g.a. kolonne gjennom Dyrskar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret har på initiativ frå brukarane teke kontakt med byggherre på utbettingsprosjektet i Haukelitunnelen. Vegvesenet har svart på denne førespurnaden, og Tor Helge har samanfatta svaret i teksten under:

Vegvesenet informerer om at trafikken gjennom Dyrskar vert annleis enn førre gong. På dagtid vert det kolonnekjøring for all trafikk, medan det på natta er fri ferdsel for bilar under 3.5 tonn. Dei er heilt avhengige av å ha flyt i trafikken, og eventuelle møteplassar langs vegen kan ikkje vere opptatt av parkerte bilar.

Vegvesenet understrekar likevel at dei veit at området er viktig for brukarane av statsallmenninga, og at desse sjølv sagt skal ha tilgong til området. Dei ynskjer å unngå parkeringsforbud langs vegen, men må ta ei vurdering om det visar seg at dette vert eit problem i løpet av sommaren. Dette vil ikkje gjelde sidevegar.

Vegvesenet ber oss formidla følgjande:

- *Bilar må ikkje parkera på møteplassar langs vegen, men bruke sidevegar til parkering.*

På dagtid mellom 10:00 og 23:00

- *Ynskjer ein å svinge av på ein sideveg, bør ein informerer dirigenten om dette for kolonnen startar.*
- *På veg ut at av området, skal ein vente på kolonnen, for å henge seg på denne. Dette sjølv sagt for å ikkje treffe møtande trafikk.*



Frå fjellstyret sitt synspunkt så er dette ei leveleg løysing. Fjellstyret ber difor brukarane respektere vilkåra sett av Vegvesenet. Minnar om at dette prosjektet tar tre år, og eit godt samarbeid med byggherren difor er til alle sin fordel.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret informerer brukerane om løysinga på kortutdelinga. Informasjonen vert også publisert på heimesida.

Referat

Einigkeit om at dette er ein ordning fjellstyret kan leve med.

Vedtak

Fjellstyret informerer brukerane om dette på kortutdelingsmøtet og publiserer informasjonen på heimesida.

Sak 50/20: Justering av prisar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- Tor Helge har gjennom arbeidet med kortutdelinga vorte oppmerksam på nokre justeringar som bør gjerast i samband med tildeling av reinskort til dei yngste jegerane. Han meinar at fjellstyret bør strekkje seg langt får å sikre at dei yngste reiser på jakt.
- Det har kome reaksjonar frå brukerane om at 250 kroner i minste pris for hyttene no i koronatida er for dyrt om ein ynskjer å overnatte på fjellstyrehytte. Frå fjellstyret si side var dette ein pris som var tenkt om nokon førehandsreserverte hyttene. Ingen har valgt å gjere dette.

Framlegg til vedtak:

- Tildeling av reinsløyver:
 - o Jegerar mellom 18 og 20 år kan søkje om å ta ut eit fellingsløyve. Dei vil verte tilbydd dette løyvet til halv pris. Ynskjer dei fleire løyver, må dei betale full pris for desse.
 - o Det er alderen ved jaktstart som avgjer kva kategori jegerane havnar i.
- Utleige av fjellstyrehytter
 - o Hyttene må framleis reserverast på førehand. No vert det fyrstemann til mølla. Det vert ingen minstepris, men ein føl i staden dei tidlegare vedtatte prisane.

Referat

Fjellstyret er einige i at alle virkemiddel må tas i bruk for å sikre rekruttering og at flest mogleg yngre jegerar får ta del i jakta. Fjellstyret har forståing for at å betale full pris berre for eit løyve, også kan vera for kostbart for ein jeger i aldersgruppa 18 til 20 år. Fjellstyret bør difor sponse desse jegerane.



Prisane virkar tydlegvis avskrekkande på nokre av brukerane. Dette er beklageleg. Då problemet er at hyttene allereie er for lite i bruk, så bør fjellstyret heller leggje til rette for at fleire bruker dei.

Vedtak

- Tildeling av reinsløyver
 - o Jegerar mellom 18 og 20 år kan søkje om å ta ut eit fellingsløyve. Dei vil verte tilbydd dette løyvet til halv pris. Ynskjer dei fleire løyver, må dei betale full pris for desse.
 - o Det er alderen ved jaktstart som avgjør kva kategori jegerane havnar i.
- Utleige av fjellstyrehytter
 - o Hyttene vert i sommar utleig eksklusivt. Det vert fyrstemann til mølla. Prisane vert som vedtatt i sak 23/20.

Sak 51/20: Tildeling av reinsløyver

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret har i sak 34/20 gjort vedtak på korleis ein kan søkje om reinsløyver på statsallmenninga i 2020. Vedtaket som var gjort då inkluderte ikkje tala som var nemnt i saksutgreiinga. Det var det føreslått ei begrensing på 100 jegerar, med maksimalt 30 utanbygdsjegerar. Fjellstyret vedtok å nytte Inatur til utanbygdsjegerar, men ikkje for dei som havnar i kategorien utflytte røldølar.

Fjellstyret ser at denne løysinga ikkje har vorte kommunisert godt nok ut til brukerane, noko som har ført til at nokre søknadar ikkje vart plukka opp tidsnok av fjellstyret.

Talet på innanbygdssøkjande visar seg å vera 64 stykk. I tillegg er det 4 utanbygdssøkjande og 3 som har søkt på feil stad. Til no er det selgt 18 kort på Inatur.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret forheld seg til tidlegare vedtak, og tilbyr totalt 30 kort til søkerar på Inatur. Svarfrist vert no sett til 5 dagar. Dei 3 som har søkt feil, vert inkludert i kvoten til utflytte røldølar.

Referat

Det er for fjellstyret viktig å få delt ut korta på ein rettferdig måte. Men det nærmar seg jakt, og det er ynskjeleg at løyvene no skal vert fordelt. Ynskjer difor kortare betenkningstid på Inatur. Det er framleis mange som ikkje har henta korta av dei innanbygdsbuande. Fjellstyret treng inntekta av kortsalg, då alt tydar på at det ikkje vert mange fellingsløyver dei neste åra.

Vedtak

Fjellstyret tilbyr totalt 30 jegerar jaktkort gjennom Inatur. Svarfrist vert kortast mogleg, helst 3 dagar. Tre søknadar kom feil, dei vert inkludert saman med dei utflytte røldølingane. Kort som eventuelt er att ved neste fjellstyremøte i august, vert fordelt då.

